

Øyrehagen på Solstrand

18.04.2009

Sigrid Øyrehagen frå Uskedalen er mellom utstillarane på Solstrand Hotel & Bad denne sommaren. Utstillinga opnar neste laurdag - den 25. april - og blir ståande til midt i august. Ho er i godt selskap, blant billedhoggarane Skule Waksvik og Johan Fredrik Arntzen

Sigrid Øyrehagen (fødd 1956) hadde den første separatutstillinga si i Bergen Kunstforening i 1984. Sidan har ho markert seg sterkt i utstillingar og vart kjøpt inn av Nasjonalgalleriet i 1989 og 1996.

Monotopiane hennar er i grenselandet millom måleri og grafikk. Ho er oppteke av natur og figur i landskap. Dei er fargesprakande og fascinerande.

Ho målar på sinkplater med oljebaserte trykkfargar og tek etterpå fleire avtrykk undervegs. Difor kan avtrykka bli forskjellige.

Waksvik har den første store utstillinga i Bergensområdet på 40 år. Johan-Fredrik Arntzen er ein treets mester som no har utvida repertoiret sitt til også å omfatta marmor.

Utstillinga på Solstrand er eit samarbeid mellom Norsk Billedhuggerforening, Solstrand og Anfinsen Kunst AS i Hønefoss. Den syner litt av den store spennvidda i norsk og internasjonal skulptur.

I tillegg blir det presentert arbeider av 11 gjesteutstillarar - både inne og ute i parken.

Av Ola Matti Mathisen